

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: mandag 28. oktober 2019 14:18
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 37/2019, 28. OKTOBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 37/2019, 28. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. [Send gjerne tips og kommentarar.](#)

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

NYHENDEBREV PÅ EIN MÅNDAG

Nyhendebrevet vart ikkje sendt ut førre fredag på grunn av styreseminar og styremøte. Nyhendebrevet vart difor i staden sendt måndag 28. oktober.

SAMARBEIDSAVTALE MED NYE ÅLESUND KOMMUNE

Høgskulen i Volda har inngått ein brei samarbeidsavtale med Nye Ålesund kommune. Avtalen omfattar blant anna deltaking i Smartby-prosjektet.

<https://www.hivolda.no/nyhende/avtale-mellom-nye-alesund-og-hogskulen-volda>

STYREMØTET: VEDTOK ØNSKELISTE FOR 2021

Høgskulestyret har vedtatt kva som skal vere Høgskulen i Voldas prioriterte framlegg til "Satsingar utanfor ramma" for 2021, eller ønskelista om ein vil. Øverst på lista er 25 millionar kroner til medieteknisk utstyr i nybygget. Dei andre ønske er fire nye stipendiatstillingar, språksamlingane/norsk ordbok og fleire studieplassar innanfor: Digital kompetanse i læring (DKL), master i barnehagelærarutdanning, naturguide og samfunnsplanlegging. I tillegg tek høgskulestyret det for gitt at regjeringa vil fullfinansiere det femte året i den femårige grunnskulelærarutdanninga (GLU).

STYREMØTET: SYMFONIORKESTERET HELD FRAM SOM PROSJEKT PÅ AKF

Høgskulestyret vedtok at Symfoniorkesteret skal halde fram som eit prosjekt på AKF, så lenge avdelinga finn det fagleg fornuftig. Dette var i tråd med innstillinga frå direktør.

STYREMØTET: LYSER UT DEKANSTILLING PÅ AMF

Høgskulestyret vedtok i møtet 25. oktober utlysing av stilling som ny dekan ved Avdeling for mediefag med tilsetting frå 1.9.2019 då noverande åremålsperiode går ut. Vedtaket var i tråd med framlegget frå direktør og medfører at styret i møtet i mars vil tilsette dekan for neste åremålsperiode.

ALUMNI IPAS: NY MØTEPlass OG NETTVERK FOR TIDLEGARE PLANLEGGINGSSTUDENTAR

No kjem Høgskulen i Voldas første Alumni: Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) vil skape eit nettverk for dagens studentar og dei som tidlegare har studert Planlegging og administrasjon ved Høgskulen i Volda. Dette skal gi både fagleg påfyll og vere ein arena for karriereutvikling. Les meir på våre nettsider:

<https://www.hivolda.no/nyhende/lagar-moteplass-og-nettverk-tidlegare-studentar>

SKAPARHUSET I ULSTEINVIK HAR FÅTT 2,5 MILL: HVO ER PARTNAR I PROSJEKTET

Prosjektet "Skaparhuset" fekk i førre veke tilskot på 1 mill frå Sparebanken Møre og tilskot på 1,5 mill frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kultur-, nærings- og folkehelseutvalet. Høgskulen i Volda er med som partnar i prosjektet. I skaparhuset skal næringslivet, kommunane, utdanningsmiljø, elevar og studentar møte på like vilkår for å lære av kvarandre, som eit grunnlag for innovasjon og omstilling. Skaparhuset skal halde til i Ulsteinvik. Les meir på Møre og Romsdal fylkeskommunes nettsider:

<https://mrfylke.no/nyheiter/fylkeskommunen-og-sparebanken-moere-gir-2-5-millionar-kroner-i-stoette-til-skaparhuset-i-ulstein>

NYBYGGET: NYE PARKERINGSPLASSAR - NYE VEGAR PÅ HØGSKULEOMRÅDET

Arbeidet med midlertidige parkeringsplassar og ny «miljøgate» på høgskuleområdet startar om få dagar. Seinare i haust vert Joplassvegen stengt for privattransport. Her finn du dei nye rutene for mjuke og harde trafikantar framover.

<https://www.hivolda.no/mediabygg/slik-vert-arbeidet-med-nytt-mediabygg-framover>

PUBLISERING PÅ NIVÅ 2: BJARTE FOLKESTAD OM LOKALE FOLKERØYSTINGAR

Bjarthe Folkestad, ASH, har fått publisert artikkel i International Political Science Review (nivå 2). Artikkelen handlar om lokale folkerøystingar og har tittelen: "When do consultative referendums improve democracy? Evidence from local referendums in Norway".

<https://journals.sagepub.com/eprint/TVSW8UDNJTYCI2N2NNIT/full>

PUBLISERING: ARNLJOT LØSETH OM NORDATLANTISKE FISKAR-REGIONAR

Arnljot Løseth, ASH, har fått publisert artikkel i tidsskriftet *Heimen*. Tittelen er '*Sosioøkonomisk struktur og økonomisk åtferd. Regionar i Fiskar-Noreg på 1800-talet i eit komparativt nordatlantisk perspektiv.*' Nokre stikkord: Historie, fiskeri, økonomi, regional utvikling,

samfunnsstruktur. https://www.idunn.no/heimen/2019/03/sosioekonomisk_struktur_og_oekonomisk_aatferd?fbclid=IwAR1yVGCirn7sC0IAdQQ7IVBM5FoSjWiPdHAEDt51He9Kfet4K5qftlicrPI

NYTT FAKTURA- OG TINGINGSSYSTEM PÅ HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen vil 15. november gå over til eit nytt faktura- og bestillingssystem. Det nye systemet heiter UBW og er levert av Agresso og kjem altså i staden for Basware. Dei fleste høgskular og universitet kjem til å skifte til UBW.

NY FAKTURAADRESSE

Fakturaadressa til Høgskulen i Volda vert endra. Den nye adressen er:

Høgskulen i Volda

Postboks 500

6101 Volda

Heimesida vår har vorte oppdatert med den nye adressen: <https://www.hivolda.no/kontakt-oss>

Elektronisk faktura (EHF) skal framleis sendast til 974809672 og PDF-faktura skal sendast til faktura@hivolda.no.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

Orientering til høgskulestyret, 25.10.2019: <https://blogg.hivolda.no/jr/?p=2272>

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

